

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-1263-201002,
Plannavn-
Områdeplan
Knarvik, Komnr-4631,
FA-L12, HistSak-19/67,
2013/564, 2010/289

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
037/20	Eldreråd	12.10.2020
020/20	Ungdomsråd	02.06.2020
097/20	Utval for areal, plan og miljø	10.06.2020
043/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12.10.2020

Områdeplan Knarvik - Framlegg til endring - 1. gongs handsaming - planID 1263-201002
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

Ungdomsråd 02.06.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert L Hansen.

UR hadde ingen kommentar til endringen, men ynskjer seg ein nærmare orientering om endringane i Knarvik på eit seinare møte.

UR- 020/20 Vedtak:

Ingen merknader

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Behandling:

Ingrid Fjeldsbø-H stilte spørsmål om habilitet i saka. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil jf.forvl.l. § 6.e, Ingrid Fjeldsbø deltok difor ikkje i denne saka. Anita Høgquist-H møtte som vara.

Jogeir Romarheim-Krf stilte spørsmål om habilitet i saka. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil jf.forvl.l. § 6.b. Jogeir Romarheim deltok difor ikkje i denne saka.

Framlegg frå Malin Andvik-Krf:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Avsnittet under vert lagt til føresegn 2.1.1:

Krav om opparbeiding av offentlege vegar/køyrevegar og offentlege torg og gatetun, gjeld og tilhøyrande fortau, gangveg-/gangareal, under- og overgangar, sykkelveg-/felt, annan veggrunn, grøntareal/vegetasjon og tiltak som er naudsynt for å ivareta heilskapen.

Krav om opparbeiding av leikeplassar og grøntområde gjeld og møblering og andre tiltak

som er omtalt i kvalitetsprogrammet og er naudsynt for å ivareta heilskapen.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke - 8 røyster (Ap, Fnb, Sp, H, V, M. Andvik-Krf)

APM- 097/20 Vedtak:

Framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1 263-201 002 vert med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-1 0 lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

- 1) Høyringsperioden vert sett til minimum 1 0 veker frå kunngjeringsdato
- 2) Det skal i høyringsperioden leggjast til rette for dialogmøte(-r) med involverte parter i planområde og interessegrupper.

Endring frå APM - 10.06.2020:

Avsnittet under vert lagt til føresegn 2.1.1:

Krav om opparbeiding av offentlege vegar/køyrevegar og offentlege torg og gatetun, gjeld og tilhøyrande fortau, gangveg-/gangareal, under- og overgangar, sykkelveg-/felt, annan vegggrunn, grøntareal/vegetasjon og tiltak som er naudsynt for å ivareta heilskapen.

Krav om opparbeiding av leikeplassar og grøntområde gjeld og møblering og andre tiltak som er omtalt i kvalitetsprogrammet og er naudsynt for å ivareta heilskapen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse
Ingen merknader, samrøytes

RMNF- 043/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Politisk handsaming

- Saka skal til uttale i:
 - Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet, Levekårsutvalet og Formannskapet(?)
- Saka skal til innstilling i
 - Plan- og miljøutvalet
- Saka skal avgjerast i:
 - Kommunestyret

Bakgrunn

Områdeplan for Knarvik er sentral for utviklinga av kommune- og regionsenteret. Planen er ein transformasjonsplan og skal bidra til å endre eller omforme den tettstaden me kjenner i dag til eit meir attraktivt og tilgjengeleg region- og kommunsenter. Men det skal og vere eitt bustad- og nærområde for innbyggjarar i ulike alder og med ulike behov.

Det er slik sett i rekkje ulike tilhøve me saman med innbyggjarar, eigarar og tiltakshavarar må balansere for å forme og kna Knarvik. Samstundes som det vert rive, bygd og tatt steg mot noko endra skal og må svært mykje fungere, og det må fungere rimelig bra!

Me har ikkje «bygd by» før eller gjort ombyggingar i så stor skala som det me har starta med no. Erfaringane våre så langt er at dette er utfordrande, men og lærerikt og til nytte for innbyggjarar i og rundt regionsenteret. Grunnla

Det vil nok i det vidare verte tøffe val og diksjonar, men dei er naudsynt å ta slik at me held på dei intensjon, føremål og rammer i planen.

Det har vore og vil framleis vere naudsynt med sperregjerde, orange omkøyringsskilt, store maskiner, med både å skape varig innhald og leggje til rette for melombelse løysingar som vil flytte på seg etter som omfominga trer fram. I dette arbeidet som så vidt har byrja har ein

ikkje uventa støtt på ulike sortar av «kvist og røten» som kan handterast på ulike vis. Ein del av denne handteringa er å endre eller justere rammene i plandokumenta når det er naudsynt.

Endringane kring oss skjer raskt og det har verknad for både behov, ønskje og vikår, ja ein vil nok stadig møte spørsmål om kva skal me egentlig byggje og leggje til rette for og korleis for me det til å hengje i hop. Kva vert mellombels og kva vert varige løysingar? Forutsetningar..

Saksopplysninger:

Oppstart
Kva gjer me no og kvifor
Framdrift

Mellombelse tilhøve
Inn i endring del 2

Vedlegg i saken:

29.05.2020	OP Knarvik Føresegn 290520	1398411
28.05.2020	OP Knarvik Plankart Vertikalnivå 1 230615	1397702
28.05.2020	OP Knarvik Plankart Vertikalnivå 2	1397703
28.05.2020	OP Knarvik Plankart Vertikalnivå 3 230615	1397693
28.05.2020	OP Knarvik Illustrasjonsplan 240215	1397699
28.05.2020	OP Knarvik Kvalitetsprogram 040315	1397700
28.05.2020	OP Knarvik Grøn Overflatefaktor 030614	1397697
28.05.2020	OP Knarvik Grøne punkt 030614	1397698
28.05.2020	OP Knarvik Gatebruks- og lysplan 011216	1397696
28.05.2020	OP Knarvik Offentlege Byrom Skisseprosjekt 050520	1397701
28.05.2020	OP Knarvik Endringsliste Føresegn 050520	1397695
28.05.2020	OP Knarvik SAK 16-19 Oppstart 130219	1397694